UiT
NORGES
ARKTISKE
UNIVERSITET

Vedlegg 2

Avdeling for forsking og utviklingsarbeid
Arkivref.: 2017/6565 – 3 (1)
Dato: 19.12.2017

Avdeling for utdanning
Det helsevitskaplege fakultet
Det juridiske fakultet
Det kunstfaglege fakultet
Fakultet for biovitskap, fiskeri og økonomi
Fakultet for humaniora, samfunnsvitskap og lærarutdanning
Fakultet for ingeniørvitskap og teknologi
Fakultet for naturvitskap og teknologi
Tromsø Museum – Universitetsmuseet
Universitetsbiblioteket

Utkast til revisjon av forskrift om graden philosophiae doctor (ph.d.) ved UiT – høyring

Vedlagt følgjer gjeldande ph.d.-forskrift med innspel til mogelege endringar / framlegg til endringar innarbeidd under dei aktuelle paragrafane. Som det går fram av utkastet er det forslag om større og mindre endringar. I tillegg er det gitt merknader til paragrafar som kan bli endra avhengig av framtidig organiseringa av programma eller av drifta ved UiT.

Vi vil særleg peika på desse innspela/framlegga:

Til § 5 Innhaldet i doktorgradsutdanninga, andre ledd, utkastet side 4: Då institusjonane starta med organisert forskarutdanning gjennom «dei nye gradane» – dr.scient. dr. art. m.v. – på 80-talet, var ikkje prøveførelesing del av prøven og dei første kandidatane heldt ikkje prøveførelesing, jf. merknaden i utkastet. Vi stiller spørsmål ved om førelesinga har utspela si rolle i doktorgradsprøven og ber om innspel til det. Kva talar for å behalda førelesinga? Kva talar for å fjerna ho? Viss førelesinga skal fjernast, bør ho då erstattast av noko anna?

Til § 7. Søknaden fjerde ledd, side 6 *og forslag til nytt tredje ledd i § 22 Kvalitetssikring og rapportering*, side 14. Det er føreslått presisert at potensialet for innovasjon og/eller idear som kan kommersialiserast skal vurderast i prosjektbeskrivinga og i samband med midtvegsevaluering, jf. rapporten frå Fokusgruppe innovasjon og entreprenørskap i utdanningen (2017/5604-1). Vi føreslår også at det skal krevjast databehandlingsplan i prosjektbeskrivinga.

Til forslag til nytt § 22 tredje ledd, side 14. Universitetsstyret vedtok 9.2.2017 at midtvegsevaluering skal vera ein obligatorisk del av ph.d.-studiet, jf. sak S 2/17 *Gjennomstrømming i ph.d.-studiet*. Forslaget er at det skal oppnemnast minst to personar som skal stå for evalueringa. Ut over det står fakulteta fritt til å organisera arbeidet, enten dei vil ha ein enkel, gjerne skriftleg, prosess, eller gjennomføra det som eit opent arrangement eller noko innimellom. Men det er viktig at kvart enkelt fakultet lagar tydelege utfyllande reglar, slik at studentane veit kva dei har å halda seg til. Fleire fakultet har alt innført midtvegsevaluering, og nokon er i ferd

med å gjera det no. Forslaget er at ordninga skal vera innført seinast frå og med dei som tek til på ph.d.-studiet våren 2018, og at de frå same tidspunkt skal vera eit arbeidskrav knytt til avhandlingsemnet.

Til § 32 *Handsaming av innstillinga,* side 20. Vi legg fram to alternative forslag til forenkling av prosessen, slik at det som no er bedømmelseskomiteen si innstilling i staden vert komiteen sitt vedtak enten uansett konklusjon (alternativ I), eller ved samrøystes vedtak (alternativ II).

Når det gjeld dei andre framlegga til endringar, viser vi til utkastet. Det er sjølvsagt også høve til å komma med nye forslag.

Høyringsfristen vert sett til fredag 16. februar.

Vennleg helsing

Pål Vegar Storeheier
forskingsdirektør

Olaug Husabø
seniorrådgivar

olaug.husabo@uit.no
77 64 52 77

Kopi: Avdeling for kommunikasjon og samfunnskontakt

2017/6565-3(2) Vedlegg 3

Utkast til endringar i

Forskrift om graden philosophiae doctor (ph.d.) ved Universitetet i Tromsø - Noregs arktiske universitet (UiT)

Dato	FOR-2012-10-25-1150
Departement	Kunnskapsdepartementet
Publisert	I 2012 hefte 13
Ikrafttredelse	01.01.2013
Sist endret	FOR-2017-01-19-116
Endrer	FOR-2009-11-19-1858
Gjelder for	Norge
Hjemmel	LOV-2005-04-01-15-§3-3, LOV-2005-04-01-15-§3-7, LOV-2005-04-01-15-§3-9, LOV-2005-04-01-15-§4-13
Kunngjort	11.12.2012 kl. 15.00
Korttittel	Forskrift om graden ph.d. ved UiT

Heimel: Fastsett av styret ved Universitetet i Tromsø 25. oktober 2012 med heimel i lov 1. april 2005 nr. 15 om universiteter og høyskoler (universitets- og høyskoleloven) § 3-3, § 3-7, § 3-9 og § 4-13.
Endringar: Endra ved forskrifter 4 des 2014 nr. 1523, 19 jan 2017 nr. 116.

Kapittel I. Allmenne føresegner

§ 1. Verkeområde

Denne forskrifta gjeld utdanninga som fører fram til graden philosophiae doctor (ph.d.). Ho gir reglar om opptak til, gjennomføring av, og avslutning av ph.d.-graden ved Universitetet i Tromsø - Noregs arktiske universitet (UiT). Forskrift for eksamenar ved Universitetet i Tromsø gjeld for emne i opplæringsdelen av studiet.

§ 2. Målsetjing

Doktorgradsutdanninga skal kvalifisera for forskingsverksemd av internasjonal standard og for anna arbeid i samfunnet der det vert stilt høge krav til vitskapleg innsikt og analytisk tenking, i samsvar med god vitskapleg skikk og forskingsetiske standardar.

§ 3. Ansvar for doktorgradsutdanninga

(1) Universitetsstyret har det overordna ansvaret for utdanninga og

- gir reglar for organisering av utdanninga

- gjer vedtak om oppretting og nedlegging av ph.d.-program og studieretningar

- gjer vedtak om opptakstal dersom eit fakultet ynskjer opptaksregulering på eit program eller ei studieretning

- gjer vedtak om oppretting av fellesgradar med andre institusjonar.

(2) Fakultetet sjølv kan fastsetja utfyllande reglar til forskrifta for program det er fagleg ansvarleg for. Universitetsdirektøren skal informerast om utfyllande reglar som vert fastsette.

(3) Fakulteta skal ha programstyre som har ansvaret for heilskapen i programmet/programma.

(4) Oppgåver som er lagt til fakultetsstyret sjølv kan ikkje delegerast. Andre oppgåver kan fakultetsstyret delegera til programstyret.

(5) Programstyret skal oppnemnast av fakultetsstyret sjølv. Medlemmene skal vera forskarar med doktorgrad eller tilsvarande kompetanse, og ph.d.-studentar. Studentane skal ha minst 20 % av medlemmene. Dersom studentane berre får ein medlem, skal dei ha rett til å møta med ein student til. Han/ho skal ha tale- og forslagsrett.

Merknad:
§ 3 må endrast, avhengig av korleis programma blir organiserte i framtida. Vi reknar i alle fall med at ordninga med studieretningar fell bort.

§ 4.Terminologi

Avtale (doktorgradsavtale)	Avtale mellom student og fakultet og mellom student, rettleiar og fakultet om studievilkåra. Utdanningsplanen er ein del av avtalen. Det skal også gjerast avtale mellom fakultet, student og eventuell ekstern part om vilkåra i studietida.
Diploma Supplement	Vitnemålstillegg på engelsk med informasjon om utdanningssystemet ved norske universitet og høgskolar, og den enkelte student si utdanning.
Disputas	Offentleg drøfting og forsvar (mot kritikk frå opponentane) av ei doktoravhandling før ein får doktorgrad.
Doktorand	Person som forsvarar doktoravhandlinga si i ein disputas.
Doktorgradsprogram (ph.d.-program)	Eit treårig studieprogram som fører fram til graden ph.d. Studieprogram kan etablerast som fellesgrad.
Eksamen	Prøving av ein student sine kunnskapar og dugleik når det vert gitt ein karakter som skal stå på vitnemålet eller karakterutskrifta, eller som går inn i berekningsgrunnlaget for ein karakter som står på vitnemålet eller karakterutskrifta.
Emne	Den minste eininga som kan gå inn i eit fag eller eit studieprogram. Alle emne skal vera studiepoengfesta. Emne i opplæringsdelen til ph.d.-studiet er kalla 8000-emne.
Emnebeskriving	Beskriving av læringsmål, faglege komponentar, oppbygging og gjennomføring av emnet. Det finst emnebeskriving for alle emne ved UiT.
Erfaringsbasert mastergrad	Ein grad som er oppretta med yrkesretta vidareutdanning som føremål. Det er ikkje krav om fagspesifikk/disiplinær fordjuping i bachelordelen ved opptak til erfaringsbasert master.
Ex auditorio	«Frå auditoriet». Ein tilhøyrar ved ein disputas har høve til å melda seg som opponent ex auditorio.
Fellesgrad	Ein grad etablert i samarbeid mellom norske institusjonar eller norske og utanlandske gradsgivande institusjonar.
Finansieringsplan	Plan for finansiering av ph.d.-studiet. Både sum, finansieringskjelde og fordeling over år.
Kandidat	Ph.d.-student som har levert avhandlinga til vurdering.
Kreera	Nemna ut nokon til ein akademisk grad.
Opplæringsdel	Organisert utdanning innafor forskaropplæringa - etikk, vitskapsteori og faglege emne.
Opponent	Komitémedlem som ved ein doktordisputas går kritisk igjennom avhandlinga til doktoranden.
Opptakskomité	Fakultetsorgan som har ansvar for opptak av studentar til den organiserte forskarutdanninga (ph.d.-studiet).

Ph.d.-student (doktorgradsstudent)	Ein person som er teken opp til ph.d.-studiet ved UiT.
Programstyre	Fakultetsorgan som har ansvar for ph.d.-studiet og for saker som gjeld graden dr.philos.
Rettleiar	Ein fagperson som er oppnemnd for å sikra at studenten får god fagleg støtte i sitt arbeid. Rettleiar sine plikter går fram av forskrifta og av retningslinjer universitetet har vedteke.1
Stipendiat	Ei stilling som har fullført forskarutdanning fram til doktorgrad som mål.
Studieplan	Ein plan som beskriv læringsmål, faglege komponentar, oppbygging og gjennomføring av studiet.
Studieretning	Definerte fagretningar innafor eit studieprogram.
Studierett	Rettar knytt til eit studium, t.d. rett til rettleiing og til eit tilbod innafor opplæringsdelen. Innafor ph.d.-studiet vert studieretten tildelt gjennom tilbod frå institusjonen og avtale mellom fakultet og student.
Studiepoeng	Mål på arbeidsmengde. 60 studiepoeng tilsvarar arbeidsinnsatsen i eitt studieår.
Utdanningsplan	Plan for gjennomføring av studiet avtala mellom institusjonen og kvar enkelt student. Planen inneheld vedtak om plikter og ansvar institusjonen har overfor studenten, og studenten sine plikter overfor institusjonen og medstudentar. I ph.d.-studiet skal planen omfatta opplæringsdel og avhandling med beskriving av forskingsprosjektet.

1 Gjeldande retningsliner er Etiske retningslinjer for veiledning ved Universitetet i Tromsø http://uit.no/forsknavd/Forskningsetikk/8.

Merknad:

§ 4 må endrast viss endringar i forskrifta fører til at nye uttrykk må inn eller fjernast.

§ 5.Innhaldet i doktorgradsutdanninga

(1) Doktorgradsutdanninga er i hovudsak ei vitskapleg undersøking som vert gjennomført under aktiv rettleiing. Ho omfattar:

- eit sjølvstendig forskingsarbeid eller kombinert forskings- og utviklingsarbeid i aktivt samarbeid med rettleiar(ar) og andre forskarar
- ein godkjend opplæringsdel
- deltaking i aktive forskarmiljø, nasjonalt og internasjonalt
- fagleg formidling som er nært relatert til forskingsarbeidet.

(2) Ph.d.-graden vert tildelt ved kreering på grunnlag av:

- godkjend gjennomføring av opplæringsdelen
- godkjend doktoravhandling
- godkjend prøveførelesing over oppgitt emne

- godkjent forsvar av avhandlinga i ein offentlig disputas.

(3) Doktorgradsutdanninga bør sikra tilgang til opplæring og kontinuerleg utvikling av dugleik og kompetanse og gjera studenten til ein sterkare kandidat i tilsetjingsprosessar etter avslutta utdanning.

Vi vurderer å føreslå prøveførelesinga fjerna som del av doktorgradsprøven. Ordninga har nok hatt ein god funksjon tidlegare, då dei fleste som tok doktorgraden fekk ei karriere i akademia og skulle undervisa der. Dette har endra seg; mange som tek doktorgraden no skal ut i andre typar stillingar. Krava til innhald i utdanninga har dessutan endra seg dei siste åra, særleg gjennom innføringa av kvalifikasjonsrammeverket. Midtvegsevalueringa, som no blir obligatorisk, fører også med seg ei endring i avhandlingsarbeidet.

Vi tenkjer at prøveførelesinga kan ha utspela si rolle, og peikar på at det no er fastsett formelle krav til pedagogisk kompetanse ved fast tilsetjing; søkarar må kunna dokumentera universitetspedagogisk seminar, annan pedagogisk utdanning eller levera ei godkjent pedagogisk mappe. Det er også mogeleg å bruka prøveførelesing som del av ein tilsetjingsprosess.

Det er også eit moment i vurderinga at det opphavleg ikkje var prøveførelesing i den organiserte doktorgradsutdanninga. Dei som tok doktorgrad etter denne ordninga ved UiT dei første åra[1] heldt ikkje prøveførelesing. Prøven bestod den gongen av godkjend avhandling med tilfredsstillande forsvar og ein opplæringsdel *(... ei fagleg, metodisk og teoretisk skolering*[2] *...)*. Etter kvart vart prøveførelesing som del av doktorgradsprøven innført lokalt ved institusjonane. Universitetsstyret ved UiT vedtok til dømes 27.10.1988[3] å innføra prøveførelesing på gradane dr.art.- og dr.polit. Det går fram av saka at bakgrunnen for vedtaket var at Institutt for samfunnsvitskap (ISV) bad om å få ein slik prøve, sidan UiT var *det eneste universitetet som ikke har noen prøveforelesning til dr.art. og dr.polit*[4]. Etter kvart vart prøveførelesing ein obligatorisk del av alle programma.[5]

Merknad: Dersom det ikkje skal vera prøveførelesing på ph.d.-studiet, må § 34 slettast, og §§ 14, 34, 35 og 40 må endrast.

Kapittel II. Opptak, studierett og permisjon

§ 6.Opptakskrav

---

[1] Den første kandidaten i den organiserte doktorgradsutdanninga tok graden dr.scient. 2.9.1982.

[2] Dette går t.d. fram av desse reglane:
- *Reglement for tildeling av graden doctor scientarum (dr.scient.) i fiskerivitenskap ved Universitetet i Tromsø*, fastsett av Kyrkje- og undervisningsdepartementet 29.7.1981 (jnr. 2858/81/421-2).
- *Reglement for gradene cand.mag., cand.philol. og dr.art. ved Universitetet i Tromsø* frå 29.10.1985 (jnr. 4299/85/421).

[3] Sak S 150/88. *Endringar i utfyllande reglar til dr.art.- og dr.polit.reglementet.*, jnr. 2381/88/IBS/421.

[4] Brev 26.5.1988, ref. 2027/88/421 frå ISV til adm. Institutt for språk og litteratur slutta seg til det i brev 20.6.1988.

[5] Ein periode kunne fakulteta velja mellom to prøveførelesingar og ei.

(1) For å bli teken opp på eit doktorgradsprogram må søkjar ha ein mastergrad med gode resultat, enten integrert mastergrad på 300 studiepoeng, eller ein mastergrad på 120 studiepoeng som byggjer på ein bachelorgrad på 180 studiepoeng. Fakultetet kan etter særskilt vurdering godkjenna anna likeverdig utdanning som grunnlag for opptak.

(2) Erfaringsbasert mastergrad på 120 studiepoeng kan gi grunnlag for opptak til ph.d.-studiet. I slike tilfelle skal fakultetet på førehand ha henta inn ei ekstern vurdering av om det sjølvstendige arbeidet i mastergraden har så høg kvalitet, fagleg, metodisk og vitskapsteoretisk, at det kan vera grunnlag for opptak til ph.d.-studiet. Slik vurdering skal gjerast av minst ein professor/førsteamanuensis frå eit relevant fagområde ved ein annan lærestad som sjølv gir doktorgradsutdanning innafor det aktuelle fagområdet. Opptakskomiteen skal leggja avgjerande vekt på den eksterne vurderinga.

(3) Fakultetet sjølv kan fastsetja faglege minstekrav, t.d. krav til karakternivå, ved opptak til ph.d.-studiet.

(4) Søkjarane må dokumentera engelskkunnskapar som tilfredsstiller kravet i norsk generell studiekompetanse. Fakultetet kan i spesielle tilfelle, og på vilkår av at søkjar kan norsk, dispensera frå dette kravet.

(5) Eit krav for å bli teken opp er tilfredsstillande finansiering av studiet, som hovudregel lønn på nivå med lønns- og driftsmidlar, infrastruktur og overhead for ei stipendiatstilling. For deltidsstudentar er det eit vilkår at minst 50 % av arbeidstida kan nyttast til doktorgradsstudiet.

§ 7.Søknaden

(1) Eit doktorgradsstipend universitetet lyser ut er ein studieplass. Søknad om doktorgradsstipend universitetet lyser ut er søknad om opptak til ph.d.-studiet. Den som vert tilsett kan bli bedt om å supplera søknaden.

(2) Søkjarar med anna finansiering enn stipend der universitetet er arbeidsgivar, må søkja direkte til opptakskomiteen. Søknaden skal skrivast på fastsett søknadsskjema.

(3) Dersom det er att mindre enn eitt år fulltidsarbeid med forskingsprosjektet ved søknadstidspunktet, skal søknaden avvisast. Dette gjeld ikkje søkjarar som har starta prosjektet som student ved ei forskarlinje.

(4) Avhengig av krava i stillingsutlysinga og/eller søknadsskjemaet skal søkjar

- dokumentera den utdanninga som skal liggja til grunn for opptaket
- dokumentera nødvendige engelskkunnskapar
- utarbeida prosjektbeskriving/fylla ut søknad som omfattar:
  - faglig utgreiing for prosjektet der det vert gjort greie for tema, problemstillinger og valg av teori og metode.
  - forslag om utdanningsplan.
  - plan for finansiering.
  - dokumentasjon av spesielle behov for faglege og materielle ressursar.
  - plan for tilknyting til forskarmiljø og eventuelle opphald ved andre forskingsinstitusjonar.
  - plan for fagleg formidling.
  - opplysningar om eventuelle immaterialrettslege restriksjonar for å verna andre sine rettar.
  - Utgreiing om eventuelle immaterialrettslege restriksjonar for å verna andre sine rettar.
  - Utgreiing om eventuelle rettslege og etiske problemstillingar som prosjektet reiser og korleis det kan avklarast.

(5) Søkjarar som ikkje skal ha arbeidsstad ved universitetet, må vera knytt til eit anna aktivt forskarmiljø/arbeidsstad der prosjektet skal gjennomførast. Det må gå fram av søknaden kvar arbeidsstaden skal vera.

(6) Det skal vidare gå fram av søknaden om prosjektet er avhengig av løyve frå forskningsetiske komitear, personvernombodet NSD, andre offentlege institusjonar og/eller frå private (informantar, pasientar, foreldre etc.). Slike løyve bør om mogeleg vera innhenta og følgja søknaden.

(7) Fakultetet kan fastsetja krav til ytterlegare dokumentasjon.

(8) Student og hovudrettleiar bør raskast mogeleg og seinast innan to månader etter opptak saman gå gjennom prosjektbeskrivinga og vurdera eventuelle behov for justeringar.

Til fjerde ledd:
Alle prosjekt der handtering av forskingsdata er relevant skal ha ein datahandteringsplan. Slik plan må vera med i prosjektbeskrivinga. Vi føreslår slikt nytt strekpunkt: - *databehandlingsplan for forskingsdata i prosjektet*

I rapporten som *Fokusgruppe innovasjon og entreprenørskap i utdanningen* kom med hausten 2017 (2017/5604-1) er føreslått som eit tiltak at potensialet for innovasjon og/eller idear som kan kommersialiserast skal vera med i prosjektbeskrivinga for kvart enkelt ph.d.-prosjekt. Vi føreslår slik ny siste setning i fjerde ledd:

I prosjektbeskrivinga skal potensialet for innovasjon og/eller idear som kan kommersialiserast vurderast.

Til åttande ledd:
Vi har fått tilbakemelding om at åttande ledd er upresist. Det er først og fremst behov for felles gjennomgang når det er gjort mellombels opptak og studenten skal levera revidert prosjektbeskriving. Vi føreslår difor slik ny tekst:

Når ein student har fått pålegg om å revidera prosjektbeskrivinga, skal student og hovudrettleiar i samarbeid utarbeida revidert prosjektbeskriving innan den fastsette fristen.

§ 8.Opptakskomité
(1) Fakulteta skal ha ein opptakskomité som har fagleg ansvar for opptaket til ph.d.-studiet og til emne i opplæringsdelen (8000-emne).

(2) Opptakskomiteen skal oppnemnast av fakultetsstyret sjølv. Medlemmene skal vera forskarar med doktorgrad eller tilsvarande kompetanse, og ph.d.-studentar. Programstyret kan vera opptakskomité. Studentane skal ha minst 20 % av medlemmene. Der dette ikkje er meir enn ein medlem, skal studentane ha rett til å møta med ein til student med tale- og forslagsrett.

§ 9.Avgjerd om opptak
(1) Avgjerd om opptak skal vera basert på ei fagleg vurdering av prosjektbeskrivinga og av søkjar sitt potensiale for forsking slik dette går fram av søknaden. Dersom det er fastsett opptakstal, og det er fleire søkjarar enn det er plassar, skal rangeringa skje etter ei samla vurdering av søknadane. Fagleg relevans for fagmiljøet skal vera eit moment i vurderinga.

(2) Ein stipendiat ved universitetet må vera teken opp til ph.d.-studiet før han/ho tek til i stillinga. Det kan gjerast foreløpig vedtak om opptak med atterhald om utarbeiding av individuell utdanningsplan,

tilleggsutdanning og immaterialrettslege avtalar. I foreløpig vedtak skal det oppnemnast minst ein rettleiar - hovudretteleiar.

(3) For eksterne søkjarar kan det gjerast foreløpig vedtak om opptak med atterhald om finansiering, opptakskapasitet, utarbeiding av individuell utdanningsplan, tilleggsutdanning og immaterialrettslege avtalar. Det kan stillast krav om at studenten skal vera ved fakultetet heile eller deler av studietida. I foreløpig vedtak skal det nemnast opp minst ein rettleiar - hovudretteleiar.

(4) Vedtak om endeleg opptak skal gjerast seinast tre månader etter studiestart. Når endeleg opptaksvedtak vert gjort, skal ansvaret for løysing av behov som er skissert i søknaden plasserast, avtaleperioden skal fastsetjast med startdato og sluttdato, og det skal vera oppnemnt minst to rettleiarar. Eventuell forlenging av avtaleperioden må knytast til rettar som arbeidstakar, eller avklarast spesielt. Dersom det vert oppnemnd ein rettleiarkomité, skal ein av rettleiarane peikast ut til å ha det formelle ansvaret hovudrettleiar normalt har.

(5) Det er ikkje grunnlag for opptak dersom:

- avtalar med ekstern tredjepart er til hinder for offentleggjering og offentlig forsvar av avhandlinga

- dei immaterialrettslege avtalane som er inngått er så urimelege at institusjonen ikkje bør medverka i prosjektet.

Vi har fått merknad til første setning i fjerde ledd: *Vedtak om endeleg opptak skal gjerast seinast tre månader etter studiestart.* Det vert påpeika at det er vanskeleg å følgja opp dette både på grunn av knappe fristar (kravet til søkar er at endeleg søknad skal vera sendt seinast to månader etter tiltredelse i stipend), og fordi søknaden kan vera ufullstendig.

Vi har forståing for at det i enkelte tilfelle kan vera vanskeleg å ha vedtak klart innan tre månader, men kravet følgjer av forskrift om tilsetjingsvilkår vit. stillingar § 1-3 åttande ledd: ... *Endelig plan for forskerutdanning skal være godkjent og avtalefestet seinest tre måneder etter tiltredelse. ... Dersom opptaksavtale ikke foreligger innen den tidsfrist som framgår av arbeidsavtalen, kan det gi grunnlag for arbeidsgiver å vurdere å heve arbeidsavtalen.*

For stipendiatar ved UiT gjeld tremånadersregelen med andre ord uansett om han står i ph.d.-forskrifta eller ikkje. Vi vil likevel tilrå at han vert ståande, slik at det vert like reglar for eigne stipendiatar og søkarar med ekstern finansiering. For å opna for at det kan brukast lenger tid i heilt spesielle tilfelle, føreslår vi at setninga får slikt tillegg:

Vedtak om endeleg opptak skal *så langt råd er* gjerast seinast tre månader etter studiestart, *jf. forskrift om tilsetjingsvilkår vit. stillingar § 1-3 åttande ledd.*

§ 10.Opptak til emne i opplæringsdelen

(1) Fakultetet tek opp studentar til ph.d.-emne (8000-emne). Søkjarar som fyller krava i ein av desse kategoriane kan takast opp:

- kategori 1: Personar som er tekne opp til ph.d.-studiet ved UiT.

- kategori 2: Deltakarar på førstelektorprogrammet som fyller utdanningskravet.

- kategori 3: Doktorgradsstudentar frå andre universitet.

- kategori 4: Personar med minimum mastergrad (eller tilsvarande) som ikkje er doktorgradsstudentar.

(2) Forskarlinjestudentar ved Det helsevitskaplege fakultetet som har fått oppnemnt rettleiar kan ta ph.d.-emne som ligg i studieplanen for forskarlinjestudiet, og ph.d.-emne som er godkjende i den enkelte student sin rettleiingskontrakt for forskarlinjestudiet. Dei skal rangerast etter kategori 1. Forskarlinjestudentar frå andre medisinske fakultet skal rangerast etter kategori 3 ved opptak.

(3) Fakultetet kan fastsetja spesielle opptakskrav innafor denne ramma. Dette må gjerast i emnebeskrivinga.

(4) Dersom det er fleire kvalifiserte søkjarar enn plassar, skal søkjarane prioriterast i rekkefølgja kategori 1 til kategori 4.

~~(5) Studentar i kategori 2, 3 og 4 må søkja om opptak på fastsett søknadsskjema. For søkjarar i kategori 1 og 2 og forskarlinjestudentar bestemmer fakultetet om det skal brukast søknadsskjema.~~

I samband med Adm2020 er det eit forslag om fellesteneste for opptak til enkeltemne. Det kan henda regelen om at fakultetet tek opp studentar blir endra, avhengig av korleis organiseringa blir i framtida.

Vi vil heller føreslå ei redigering av paragrafen, slik at skillet mellom ph.d.-student ved UiT og enkeltemnestudentar kjem tydlegare fram:

(1) Fakultetet tek opp studentar til ph.d.-emne (8000-emne). Emna er først og fremst opne for UiT sine ph.d.-studentar (kategori 1), som søker/ melder seg til emne gjennom studentveven.
Emna kan også lysast ut for ein eller fleire av desse kategoriane enkeltemnestudentar:

- *Kategori 2: Deltakarar på UiT sitt førstelektorprogram som fyller utdanningskravet.*
- *Kategori 3: Doktorgradsstudentar frå andre universitet.*
- *Kategori 4: Persomar med minimum mastergrad eller tilsvarande som ikkje er doktorgradsstudentar.*

(2) Fakultetet kan fastsetja spesielle opptakskrav innafor denne ramma. Det må gå tydeleg fram av emnebeskrivinga kva kategoriar søkjarar som kan få plass.

(3) Dersom det er fleire kvalifiserte søkjarar enn det er plassar, skal dei prioriterast i rekkjefølgja kategori 1 til kategori 4, med mindre emnet er lyst ut med ei anna prioritering.

Det som er andre ledd no, blir då fjerde ledd. Tredje ledd er først og fremst mynta på emne i nasjonale forskarskular, fellesgrader m.v., der det er ein premiss at ph.d.-studentar frå fleire institusjonar skal ha same sjanse til å få plass.

Fjerde ledd (andre ledd i gjeldane forskrift) handlar om emne ved Helsefak, som er det fakultetet som har forskarlinjestudentar per i dag. Fakultetet har komme med dette innspelet: *Helsefak ser ikke på det som nødvendig at det må spesifiseres at et emne* må *ligge i studieplanen til en forskerlinjestudent for at han/hun skal kunne ta det.* Vi føreslår ikkje endring i forskrifta på bakgrunn av denne tilbakemeldinga, og viser til at det er gjort unntak frå opptakskravet til ph.d.-emne for forskarlinjestudentar fordi dei skal ta emna som del av forskarlinjeprogrammet.

Femte ledd kan slettast. Det er overflødig enten forslaget ovanfor vert vedtatt eller ikkje. No søker enkeltemnestudentar gjennom søknadsveven og ph.d.- og forskarlinjestudentar via studentveven. Det treng ikkje stå noko om dette i forskrifta.

§ 11.Avtale
(1) Opptak skal formaliserast i skriftlig avtale mellom student, rettleiar og fakultet.

(2) Har ein ph.d.-student finansiering av studiet frå, tilsetjing hjå eller andre tilskot frå ein ekstern part, skal det skrivast eigen avtale mellom studenten, fakultetet og den eksterne parten, jf. § 17. Denne avtalen må vera underskriven ved studiestart.

Vi har fått tilbakemelding frå fakulteta om at dei stort sett vurderer avtalen som overflødig og lite føremålstenleg. Vi har då også inntrykk av at han ikkje vert bruka aktivt – han vert underskriven og arkivert, og det er det.

Gjeldande avtalemal er sett saman slik;
Innleiing med slikt innhald:
- Presisering av at avtalen skal *bidra til at ph.d.-studentar ved UiT har arbeidsvilkår som gjør det mulig å ta doktorgraden på normert tid.*
- Liste over lover, forskrifter og retningslinjer som gjeld for ph.d.-studentar.

Del A. Generell del – avtaleperiode, utdanningsplan m.v. Avtalepartar er studenten og fakultetet ved dekan. Dekan kan delegera dette til leiar for programstyret.
Del B. Avtale om fagleg rettleiing. Avtalepartar er studenten og rettleiarane.
Del C. Avtale mellom ekstern institusjon og universitetet om gjennomføring av ph.d.-utdanning.

Det meste av opplysningane i del A går fram av vedtaket om opptak og blir registrert i student samlebilde i FS, der m.a. utdanningsplanen står. Avtale vert gjort ved at studenten aksepterer tilbod om studieplass. Ein treng strengt tatt ikkje setja opp ein avtale i tillegg. Men to punkt, 6.3 *Opphavs-patent- og andre immaterielle rettar (Intellectual Property Rights; IPR),* og 6.4. *Kreditering ved publisering*, bør det gjerast avtale om også i framtida, evt. må studenten få tydeleg informasjon om rettar og plikter på dette området på annan måte. Det må også setjast opp avtale om rettleiing (del B) og avtale med eventuell ekstern part (del C), jf. § 11 andre ledd.

Avtalen kan med andre ord ikkje utelatast heilt, men han kan gjerast enklare. Forslag til ny § 11:

(1) Det skal setjast opp skriftlig avtale mellom student, rettleiar og fakultet. Universitetsdirektøren fastset kva avtalen skal omfatta.

(2) Har ein ph.d.-student finansiering av studiet frå, tilsetjing hjå eller andre tilskot frå ein ekstern part, skal det skrivast eigen avtale mellom studenten, fakultetet og den eksterne parten, jf. § 17. Universitetsdirektøren fastset kva avtalen skal omfatta.

§ 12.Studierett
(1) Ph.d.-utdanninga er normert til tre år (180 stp.). Den som har teke imot tilbod om studieplass beheld studieretten i ein periode som tilsvarar to år effektiv studietid ut over normert studieprogresjon. Det kan stillast krav om at studenten har finansiering for den overskytande perioden. Fakultetet sjølv kan utvida denne tidsramma for sitt/sine program i sine utfyllande reglar.

(2) Studentar som står i fare for å mista studieretten etter denne regelen skal få skriftlig varsel om det seinast eitt år før studieretten går ut. Den som mister studieretten, kan søkja om nytt opptak.

(3) Studentane må kvart semester stadfesta utdanningsplanen innan fastsett frist. Med stadfesting av utdanningsplanen er meint den delen av planen som gjeld for inneverande semester.

(4) Ein kandidat som fyller krava i § 3-10 i lov om universiteter og høyskoler vil kunna levera avhandlinga til vurdering for ph.d.-graden sjølv om studieretten har gått ut, på vilkår av at opplæringdelen framleis fyller krava i det aktuelle programmet.

Til andre ledd om varsel til studentane: Studieretten gjeld for to år i tillegg til avtala opptaksperiode, som for dei fleste er fire år på 75 % tid. Likevel er det registrert 80 ph.d.-studentar som tok til på studiet i 2010 eller tidlegare, enkelte av dei så tidleg som i 2002. Nokre har nok hatt permisjonar og er innafor dei to ekstra åra, men tala viser likevel at reglane om studierett ikkje vert handheva godt nok. Det har vi også forstått av tilbakemeldingar frå fakulteta, som seier at det er tidkrevjande å varsla studentane eitt år før studieretten går ut, og at det har vore vanskeleg å få etablert gode rutinar for å avslutta studieretten sjølv når det er sendt varsel.

Vi trur det vil vera enklare å gjennomføra varslinga dersom fristen er meir fleksibel. Vi føreslår at andre ledd skal endrast slik: (2) *Studentar som står i fare for å mista studieretten etter denne regelen skal få skriftlig varsel om det seinast* ~~*eitt år*~~ semesteret før *studieretten går ut. Den som mister studieretten, kan søkja om nytt opptak.*

Med ein slik regel vil ein kunna ha ein fast rutine med gjennomgang og varsling ein gang i semesteret. Vi føreset at regelen om normert studietid vert handheva i framtida, og viser elles til at fakulteta kan gi høve til ytterlegare forlenging i sine utfyllande reglar.

§ 13.Permisjon

(1) Ein ph.d.-student som får barn skal få permisjon frå studiet under svangerskap og til omsorg for barn (foreldrepermisjon), jf. lov om universiteter og høyskoler § 4-5. Militærteneste gir og rett til permisjon.

~~(2) Ein student som har foreldrepermisjon, kan likevel følgja undervisning og ta eksamenar i emne og kurs som skal vera ein del av opplæringsdelen.2~~

(3) Stipendiatar får automatisk permisjon frå studiet i samband med permisjon frå stillinga.

(4) Fakultetet kan gi permisjon frå studiet i inntil to år i løpet av studiet på grunnlag av deltaking i internasjonale forsvarsoperasjonar, studentpolitisk arbeid, langvarig sjukdom og andre viktige faglege, sosiale eller personlege grunnar. Fakultetet sjølv kan utvida høvet til permisjon for sine ph.d.-studentar i utfyllande reglar.

(5) Avtaleperioden skal forlengast med ein periode tilsvarande permisjonen.

2 ~~jf. Lov om folketrygd § 14-10, fjerde ledd og NAV sitt rundskriv til § 14-10, fjerde ledd av 18. desember 2006, sist endra 30. juni 2009.~~

Andre ledd og fotnote 2 må slettast. Det var ei misforståing at det er høve til å ta emne i opplæringsdelen i foreldrepermisjon. I Nav sitt rundskriv § 14-10 *generelle bestemmelser om uttak av foreldrepenger* står dette om § 14-10 fjerde ledd i folketrygdlova: *Kravet til omsorg bør ikke*

fortolkes slik at stønadsmottaker er helt avskåret fra andre aktiviteter. Vedkommende kan f.eks. gå på skole, eventuelt heldagsskole, eller kurs. Avgjørende er at mor eller far har det daglige ansvar for barnet og ikke har gjenopptatt sin yrkesaktivitet (se nedenfor). Det sentrale her er ... *ikke har gjenopptatt sin yrkesaktivitet* ..., jf. rundskriv til § 14-11, der det står: *Lønnet etatsutdanning på heltid likestilles med inntektsgivende arbeid på heltid. En slik utdanningstype skiller seg fra annen type utdanning, ved at studenten har et arbeidsforhold ved utdanningsinstitusjonen og mottar lønn.*

Kapittel III. Studiet

§ 14.Doktorgradsutdanninga

(1) Ph.d.-utdanninga er på 180 studiepoeng - fordelt med 30 studiepoeng på opplæringsdelen og 150 studiepoeng på avhandlinga. I normeringa for avhandlinga er prøveførelesing og disputas inkludert. Utdanninga skal gi kandidaten kunnskap, dugleik og kompetanse i tråd med beskrivinga av ph.d.-studiet (tredje syklus) i det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket for høgare utdanning, og skal vera lagt opp slik at ho skal kunna fullførast innafor normert tidsramme, tre år effektiv tid.

(2) Fakultetet har ansvar for at opplæringsdelen, saman med avhandlingsarbeidet, gir utdanning på høgt fagleg nivå og i samsvar med internasjonal standard, med gjennomføring av eit vitskapleg arbeid, trening i fagleg formidling og innføring i forskingsetikk, vitskapsteori og vitskapsmetode.

§ 15.Opplæringsdelen

(1) Emne i opplæringsdelen skal vera på ph.d.-nivå (8000-emne) og skal mellom anna omfatta opplæring i vitskapsteori og etikk. Opplæringa skal bidra til at forventa læringsutbyte, slik det går fram av det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket for høgare utdanning, vert oppnådd. Opplæringsdelen er på 30 studiepoeng, og minst 20 av dei bør takast etter opptak. Element i opplæringsdelen bør ikkje vera eldre enn to (2) år ved studiestart. For ph.d.-studentar som har teke forskarlinja gjeld at heile opplæringsdelen skal takast etter opptak til forskarlinja.

(2) Fakultetet kan gi fritak/fagleg godkjenning for deltaking i delar av opplæringsdelen dersom tilsvarande krav er oppfylt ved anna eining eller institusjon som gir godkjend opplæring, jf. lov om universiteter og høyskoler, § 3-5 andre ledd. I emne der det ikkje finst kurstilbod, kan individuelt lesepensum godkjennast som element i opplæringsdelen.

(3) Dersom fakultetet ikkje sjølv arrangerer heile opplæringsdelen, skal det syta for at studentane får tilsvarande opplæring ved andre fakultet/institusjonar som gir godkjend doktorgradsutdanning.

(4) Kurs på doktorgradsnivå ved annan institusjon skal godkjennast i samsvar med reglene i lov om universiteter og høyskoler, § 3-5 første ledd.

(5) Opplæringsdelen skal vera gjennomførd og godkjend av programstyret før studenten leverer avhandlinga. Søknad om endringar i godkjend plan for opplæringsdelen skal utarbeidast i samråd med hovudrettleiar og avgjerast av programstyret.

§ 16.Rettleiing

(1) Ein ph.d.-student skal få individuell rettleiing i arbeidet med avhandlinga i samsvar med gjeldande retningslinjer3 og etter tidsnorm som fakultetet har fastsett.

(2) Studenten skal ha minst to rettleiarar, og ein av dei skal oppnemnast som hovudrettleiar. Hovudrettleiar skal som hovudregel vera tilsett ved universitetet. Han/ho skal vera oppnemnd seinast ved studiestart.

(3) Hovudrettleiar har det faglege hovudansvaret for studenten. Dersom fakultetet oppnemner ekstern hovudrettleiar, skal det oppnemnast medrettleiar frå fakultetet.

(4) Medrettleiarar er fagpersonar som gir rettleiing og som deler det faglege ansvaret for studenten med hovudrettleiar.

(5) Habilitetsreglane i forvaltningslova § 6–§ 10 gjeld for rettleiarane.

(6) Rettleiarar skal ha doktorgrad eller tilsvarande kompetanse innanfor fagfeltet og vera aktive forskarar. Minst ein av de oppnemnde rettleiarane bør ha tidlegare erfaring frå eller opplæring som rettleiar av ph.d.-studentar.

(7) Studenten skal ha kontakt med sine rettleiarar med jamne mellomrom.

(8) Rettleiarane har plikt til å halda seg orienterte om framdrifta i studenten sitt arbeid og vurdera ho i forhold til framdriftsplanen.

(9) Rettleiarane har plikt til å følgja opp faglege forhold som kan føra til at gjennomføringa av forskarutdanninga vert forseinka, slik at ho kan fullførast innafor normert tid.

(10) Rettleiarane skal gi råd om formulering og avgrensing av tema og problemstillingar, drøfta og vurdera hypoteser og metodar, drøfte resultat og tolkninga av desse, drøfta opplegg og gjennomføring av framstillinga, under dette disposisjon, språkleg form, dokumentasjon mv., og gi hjelp til orientering i faglitteratur og datagrunnlag i forhold til bibliotek, arkiv, etc. Vidare skal rettleiarane rettleia studenten i forskningsetiske spørsmål knytt til avhandlinga.

(11) Student og rettleiar kan saman eller kvar for seg be fakultetet om å oppnemna ny rettleiar. Rettleiar kan ikkje fråtre før ny rettleiar er oppnemnd.

(12) Tvistar om rettleiar og student sine faglege rettar og plikter kan kvar part leggja fram for fakultetet til behandling og avgjerd.

3 Jf. fotnote 1.

Til tiande ledd: Rettleiarane må ha eit visst ansvar for karriererettleiing også. Vi føreslår dette tillegget til siste setning ... til avhandlinga *og førebu studenten på ei karriere etter disputas.*

§ 17.Tilknyting til forskarmiljø

(1) Fakulteta har, i samråd med rettleiarane, ansvar for å leggja til rette for ph.d.-studentane slik at dei tek regelmessig del i eit aktivt forskarmiljø med seniorforskarar og andre studentar. For studentar som har hovudtilknyting ved annan institusjon skal avtalen mellom universitetet og den samarbeidande institusjon regulera arbeidsvilkåra og sikra at studenten tek del i eit aktivt forskarmiljø, jf. § 11.

(2) Arbeidsvilkåra skal vera i samsvar med prinsippa i The European Charter for Researchers og The Code of Conduct for the Recruitment of Researchers.

§ 18.Infrastruktur

Ph.d.-studenten skal ha til disposisjon nødvendig infrastruktur for gjennomføring av forskingsprosjektet. Institutt/fakultet avgjer kva som er nødvendig utstyr. For studentar med ekstern finansiering og/eller arbeidsplass skal det gjerast avtale mellom institusjonen og ekstern part i

samband med kvart enkelt forskingsprosjekt. Slik avtale skal som hovudregel vera gjort ved vedtak om opptak, eller rett etterpå, jf. § 11.

Kapittel IV. Doktoravhandlinga

§ 19.Krav til doktoravhandlinga

(1) Avhandlinga skal vera eit sjølvstendig vitskapleg arbeid som oppfyller internasjonale standardar for etikk, fagleg nivå og metode innafor fagområdet. Studenten skal gjennom avhandlinga vera med på å utvikla ny fagleg kunnskap, og avhandlinga skal liggja på eit nivå som tilseier at ho vil kunna publiserast som ein del av den vitskaplege litteraturen i faget.

(2) Avhandlinga kan vera ein monografi eller ei samanstilling av fleire mindre arbeid - ei artikkelsamling. I ei artikkelsamling må det vera samanheng mellom delane og det må gjerast greie for denne samanhengen i eit samandrag.

(3) Del av fellesarbeid vert godteke som avhandling i den grad ph.d.-studenten sin sjølvstendige innsats kan identifiserast og dokumenterast. Det skal følgja med avhandlinga ei underskriven erklæring som beskriv studenten sin innsats i arbeidet/arbeida.

(4) Dersom eit skriftlig arbeid har vorte til i samarbeid med andre forfattarar, skal studenten følgja dei normene for medforfattarskap som er allment akseptert i fagmiljøet og i samsvar med internasjonale standardar.

(5) Dersom avhandlinga hovudsakleg består av artiklar, skal studenten normalt vera hovudforfattar av minst halvparten av artiklane.

(6) Fakultetet sjølv kan i sine utfyllande reglar opna for ei ordning med at fleire studentar skriv avhandling i lag.

(7) Fakultetet bestemmer kva språk som kan brukast i ei avhandling.

§ 20.Arbeid som ikkje vert godtekne

(1) Ein kandidat kan ikkje levera arbeid eller deler av eit arbeid som har vore godteke som grunnlag for tidlegare eksamenar, med mindre arbeidet er ein mindre del av ei avhandling med fleire arbeid som heng saman. Data, analysar eller metodar frå tidlegare gradar kan likevel brukast som grunnlag for arbeid med ph.d.-prosjektet.

(2) Arbeid som er publiserte meir enn fem år før studiestart kan ikkje vera del av avhandlinga. Fakultetet kan dispensera frå dette dersom heilt ekstraordinære forhold tilseier det.

(3) Ei avhandling som har vore levert for vurdering ved ein annan lærestad kan ikkje leverast.

Tredje ledd er uklårt; det kan bety:

- Dersom avhandlinga er til vurdering ein annan stad no, kan ho ikkje godtakast for vurdering.
- Dersom avhandlinga nokosinne tidlegare har vore levert til …

Vi føreslår at § 20 tredje ledd skal få slik ordlyd:

Ei avhandling som har vore vurdert / er levert til vurdering ved ein annan lærestad kan ikkje leverast.

§ 21.Offentleggjering av avhandlinga
(1) Avhandlinga skal være offentlig tilgjengeleg seinast to veker før disputasen. Ho skal gjerast tilgjengeleg i den forma ho vart levert til vurdering, eventuelt etter omarbeiding med grunnlag i § 31, tredje ledd.

(2) Det kan ikkje leggjast restriksjonar på offentleggjering og publisering av ei doktoravhandling, med unntak for ei utsetjing av dato for offentleggjering/publisering som er avtala på førehand. Slik utsetjing kan avtalast mellom ph.d.-studenten og finansieringskjelder/arbeidsgivar når føremålet er at desse skal kunna ta stilling til patentering/kommersialisering, jf. det som er bestemt i lov om retten til oppfinningar som er gjort av arbeidstakarar.

(3) Ekstern part kan ikkje stilla som vilkår at heile eller delar av avhandlinga ikkje skal kunna offentleggjerast eller publiserast.

(4) Ved publisering av avhandlinga skal kandidaten følgja gjeldande retningslinjer for kreditering av institusjonar. Hovudregelen er at ein institusjon skal givast opp som adresse i ein publikasjon dersom den har gitt eit nødvendig og vesentleg tilskot til eller grunnlag for ein forfattar sin medverknad til det publiserte arbeidet. Same forfattar skal gi opp også andre institusjonar som adresse dersom dei i kvart enkelt tilfelle tilfredsstiller kravet til medverknad.

Med tanke på open tilgang (open access) føreslår vi slikt nytt femte ledd: *(5) Publiserte delar av avhandlinga skal som hovudregel vera opent tilgjengeleg enten i tidskrifter med open tilgang eller i UiT sitt vitenarkiv. Upubliserte delar av avhandlinga skal gjerast opent tilgjengelege seinast to år etter disputas.*

Vi vurderer også å føreslå ei ordning der det skal vera open tilgang til alle deler av ei avhandling – også tidlegare publiserte – innan ei viss tid, t.d. fem år.

Kapittel V. Kvalitetssikring og rapportering
§ 22.Kvalitetssikring og rapportering
(1) Alle aktuelle nivå ved universitetet har ansvar for at Kvalitetssystem for utdanningsvirksomheten ved UiT vert følgt.

(2) Eit ledd i kvalitetssikringa er årleg framdriftsrapportering frå ph.d.-student og rettleiar. Både rettleiarar og student pliktar å levera framdriftsrapport. Føremålet med rapportane er å få grunnlag til å betra studiekvaliteten. Frekvens av, og kvalitet på, retteleiinga bør vera eit tema i rapportane.

(3) Manglande eller mangelfull rapportering frå studenten kan føra til tvungen avslutning av forskarutdanninga, jf. § 25. Rettleiarar som ikkje følgjer opp rapporteringsplikta kan bli fråtekne rettleiaransvaret.

(4) Fakultetet kan ved behov krevja særskilt rapportering.

Styret har vedtatt obligatorisk midtvegsevaluering (sak 2/17, jp. 2017/675-1). Vidare har *Fokusgruppe innovasjon og entreprenørskap i utdanningen* føreslått som eit tiltak at potensialet for innovasjon og/eller idear som kan kommersialiserast skal vurderast i midtvegsevalueringa (2017/5604-1).

- Andre ledd får slik ny siste setning: *Det skal ikkje leverast framdriftsrapport det året det vert halde midtvegsevaluering.*

- § 22 får slikt nytt tredje ledd: *Fakulteta skal ha ei ordning med midtvegsevaluering av doktorgradsarbeidet. Midtvegsevalueringa skal normalt haldast tredje eller fjerde semester. Studenten skal presentera arbeidet sitt for eit fagleg utval på minst to personar som fakultetet nemner opp. Medlemmane av det faglege utvalet må fylla kravet til å vera rettleiar, jf. § 16 sjette ledd. Reglane om habilitet i § 27 sjuande ledd gjeld. Utvalet skal ta stilling til arbeidets fagleg status og framdrift av prosjektet. Potensialet for innovasjon og/eller idear som kan kommersialiserast skal vurderast særskilt. Utvalet skal gi tilbakemelding om si vurdering til student, rettleiarar og fakultet. Dersom evalueringsgruppa rapporterer om vesentlege svakheiter ved forskingsarbeidet, skal det setjast i verk tiltak for å korrigera situasjonen.*

- Tredje og fjerde ledd blir fjerde og femte ledd.

Vi føreslår ein overgangsperiode, slik at regelen om obligatorisk midtvegsevaluering skal gjelda for studentar som tek til på studiet våren 2018 eller seinare, og at det skal vera eit arbeidskrav som må vera oppfylt før avhandlinga kan leverast.

Kapittel VI. Plikt til å melda frå om resultat

§ 23.Plikt til å melda frå om resultat som har potensial for næringsutnytting

(1) Ein ph.d.-student som er tilsett ved UiT har plikt til å melda frå om arbeidsresultat i samsvar med gjeldande reglement.4

(2) For studentar med ekstern arbeidsgivar skal det gå fram av avtalen mellom universitetet, studenten og arbeidsgivaren om studenten har meldeplikt.

(3) For ph.d.-studentar utan arbeidsgivar, skal tilsvarande meldeplikt nedfellast i opptaksavtalen mellom fakultetet og studenten.

4 Reglement om sikring og forvaltning av arbeidsresultater ved Universitetet i Tromsø.

Kapittel VII. Heving av avtalen

§ 24.Frivillig avslutning

(1) Ph.d.-student og fakultet kan avtala at utdanninga skal avsluttast før avtala tid. Ved slik avslutning av ph.d.-utdanninga skal det fastsetjast skriftleg korleis spørsmål som er knytte til eventuelle tilsetjingsforhold, finansiering, rett til resultat mv. skal ordnast.

(2) Ved frivillig avslutning fordi studenten ynskjer å skifta prosjekt eller å gå over til eit anna program, skal han/ho søkja nytt opptak på grunnlag av det nye prosjektet. I denne samanhengen er overgang til fri grad (dr.philos.) det same som frivillig avslutning.

§ 25.Tvungen avslutning

(1) Fakultetet kan med heimel i uhl. § 4-13 første ledd vedta tvungen avslutning av doktorgradsutdanninga ved vitskapleg uærlegdom etter forskingsetikklova § 5 andre ledd.

(2) Fakultetet kan med heimel i § 4-13 andre ledd i lov om universiteter og høyskoler (uhl.) vedta tvungen avslutning av doktorgradsutdanninga når ein ph.d.-student i vesentleg grad ikkje oppfyller sine plikter etter doktorgradsavtalen. Døme på avtalebrot som kan føra til tvungen avslutning:

- Studenten har brote informasjons-, oppfølgings- eller rapporteringsplikta fleire gonger eller på vesentlege punkt.

- Framdrifta av forskingsprosjektet er så mykje forseinka at det skaper rimeleg tvil om studenten vil kunna fullføra prosjektet innafor avtala tid, og forseinkinga skuldast forhold som han/ho sjølv har herredømme over.

- Gjennomføringa av opplæringsdelen er vesentlig forseinka, av grunnar studenten sjølv har herredømme over.

- Studenten har handla på ein måte som er i strid med den tilliten som må vera mellom universitet og student under gjennomføringa, medrekna ulovlege forhold knytt til gjennomføring av utdanninga som t.d. fusk på enkeltemne i opplæringsdelen.

- Finansieringa som er grunnlag for opptak til ph.d.-studiet vert stansa, t.d. ved at studenten vert sagt opp frå stillinga si.

(3) Ved mistanke om fusk som kunne ha vore ramma av uhl. § 4-7, men der studenten er stipendiat ved UiT, skal fakultetet vurdera om forholdet gir grunnlag for tvungen avslutning. Ved mistanke om fusk som kan vera ramma av uhl. § 4-7, og studenten ikkje er stipendiat ved UiT, skal fakultetet vurdera om saka skal leggjast fram for Universitetets klagenemnd etter uhl. § 4-8, jf. § 4-7 eller om forholdet skal handsamast som sak om tvungen avslutning, jf. uhl. § 4-13 tredje ledd. Ved sak om tvungen avslutning, skal det også vurderast om bestått eksamen eller prøve eller godkjenning av kurs skal annullerast etter forvaltningslova § 35.

(4) Studenten og vedkommande institutt skal få høve til å uttala seg før vedtak om tvungen avslutning vert gjort.

(5) Departementet, eller særskilt klageorgan oppnemnt av departementet, er klageinstans for vedtak om tvungen avslutning, jf. uhl. § 4-13 første ledd. Universitetets klagenemnd er klageinstans for vedtak om tvungen avslutning etter uhl. § 4-13 andre ledd.

Bakgrunnen for regelen i tredje ledd er at stipendiatar ved den institusjonen der dei har fuska er unntatt frå regelen om utestenging i uhl. § 4-8 tredje ledd. Tvungen avslutning er einaste alternative sanksjon mot stipendiatar ved UiT. Uhl. § 4-13 tredje ledd er uklår med omsyn til om høvet til tvungen avslutning på grunn av fusk gjeld berre for fusk på emne i opplæringsdelen, eller om det gjeld fusk uansett emne. UiT har bedt Kunnskapsdepartementet tolka lova på dette punktet. § 25 tredje ledd kan bli endra, avhengig av departementet sitt svar.

Kapittel VIII. Vurdering av avhandlinga

§ 26.Innlevering

(1) Opplæringsdelen skal vera gjennomført og godkjend før levering av avhandlinga, jf. § 15 siste ledd. Universitetsdirektøren bestemmer korleis avhandlinga skal leverast.

(2) Hovudrettleiar har ansvar for å gjera fakultetet merksam på at studenten kjem til å levera snart, slik at arbeidet med oppnemning av komité kan starta.

§ 27.Oppnemning av komité
(1) Fakultetet nemner opp ein sakkunnig komité (bedømmelseskomité) på minst tre medlemmer til å vurdera avhandlinga og disputasen, og peikar ut leiar mellom medlemmene. Samansetjinga av komiteen bør normalt vera klarlagt når studenten leverer avhandlinga.

(2) Instituttet føreslår komité.

(3) Komiteen skal setjast saman slik at

- begge kjønn er representerte

- minst ein av medlemmene er tilsett ved universitetet

- minst ein av medlemmene ikkje er knytt til universitetet

- minst ein av medlemmene ikkje har hovudstilling ved ein norsk institusjon

- alle medlemmene har doktorgrad eller tilsvarande kompetanse

- minst ein medlem har kompetanse over førstestillingsnivå

- fleirtalet i komiteen er eksterne medlemmer

- fleirtalet i komiteen er tilsette ved ein doktorgradsgivande institusjon.

(4) Samansetjinga av komiteen skal vera grunngitt og eventuelle avvik frå kriteria skal grunngivast særskilt. Grunngivinga skal visa korleis komiteen samla dekker fagfeltet i avhandlinga.

(5) I særlege tilfelle kan fakultetet oppnemna ein administrativ leiar i tillegg til medlemmene. Han/ho skal ikkje ta del i den faglege vurderinga av avhandlinga.

(6) Fakultetet kan, når det er påkravd, oppnemna ein setjemedlem til komiteen.

(7) Ein/ei som har vore kandidaten sin medforfattar eller rettleiar, eller andre som er inhabile etter forvaltningslova § 6, kan ikkje vera medlem i, eller administrativ leiar for, komiteen.

(8) Kandidaten skal få melding om forslaget til komité, og få høve til å komma med skriftlege merknader til forslaget innan fem arbeidsdagar etter at han/ho får meldinga.

Helsefak har føreslått at andre ledd, *instituttet foreslår komité,* skal slettast. Tanken er, slik vi forstår det, at utan det leddet vil fakulteta kunna delegera oppnemning av komité til institutta. Vi finn ikkje å kunna tilrå ei slik ordning. Det er universitetsstyret og fakulteta som har ansvar for ph.d.-utdanninga, jf § 3. Fakultetet vedtek studieplan, tek opp studentar, godkjenner utdanningsplan og enkeltemne på doktorgradsnivå m.v., og fakulteta må også oppnemna komité.

Vi peikar elles på § 3 fjerde ledd: *Oppgåver som er lagt til fakultetsstyret sjølv kan ikkje delegerast. Andre oppgåver kan fakultetsstyret delegera til programstyret.*

§ 28. Tilbaketrekking og retting av avhandling
(1) Eit arbeid som er levert kan ikkje trekkjast tilbake før det er endelig avgjort om det er verdig til å forsvarast for doktorgraden.

(2) Kandidaten kan likevel søkja fakultetet om få retta formelle feil i avhandlinga etter innlevering. Med søknaden skal kandidaten leggja fram ei fullstendig oversikt over alle feil (errata) han/ho ynskjer å retta. Søknaden må leverast inn seinast fire (4) veker før komiteen sin frist for å levera innstillinga. Det kan berre søkjast ein gang.

Merknad:
Helsefak føreslår at det skal vera mogeleg å leggja fram erratalistе fram til komiteen har komme med si vurdering. Vi finn ikkje grunnlag for å tilrå det. Avhandlinga er eit eksamensarbeid. Føremålet med erratalista må vera at sensorane skal kunna bruka ho i samband med sensurarbeidet. Dei må difor få lista i god tid før dei konkluderer.

Vi peikar elles på at dersom avhandlinga skal publiserast seinare, vil doktoranden fritt kunna retta teksten først. Ei anna sak er at det då bør stå i eit forord at avhandlinga er retta.

§ 29. Høve til å innhenta supplerande opplysningar
(1) Komiteen kan krevja å få lagt fram kandidaten sitt grunnlagsmateriale og utfyllande eller oppklarande tilleggsinformasjon.

(2) Komiteen kan be rettleiar om å gjera greie for rettleiinga og arbeidet med avhandlinga.

Kapittel IX. Komitéinnstillinga og behandling av innstillinga
§ 30. Fristar
(1) Komiteen skal normalt gi si innstilling seinast innan tre månader etter at han har fått avhandlinga levert til vurdering. Dersom kandidaten får høve til omarbeiding av avhandlinga etter § 31, tredje ledd, går det ny frist frå den datoen avhandlinga vert levert på nytt. Det same gjeld ved eventuell ny levering etter § 33.

(2) Disputasen skal så langt råd er haldast innan fire månader etter at avhandlinga er levert.

§ 31. Innstilling
(1) Komiteen gir innstilling til fakultetet på grunnlag av avhandlinga og eventuelt tilleggsmateriale, jf. § 29. Det skal gå fram av innstillinga om arbeidet er verdig til å forsvarast for doktorgraden eller om ho bør underkjennast. Innstillinga og eventuelle dissensar skal vera grunngitte.

(2) Komiteen kan anbefala at fakultetet gir høve til ei mindre omarbeiding før endeleg innstilling vert vedteken. Komiteen skal i slike tilfelle gi ei konkret, skriftleg, oversikt over kva kandidaten må omarbeida.

(3) Dersom fakultetet tek tilrådinga til følgje, skal studenten få ein frist for omarbeiding. Fristen skal normalt ikkje vera lengre enn tre (3) månader. Det skal også fastsetjast ein ny frist for komiteen si endelige innstilling. Kandidaten kan ikkje klaga over eit vedtak om høve til omarbeiding.

(4) Dersom komiteen finn at det er nødvendig med djuptgripande endringar når det gjeld teori, hypotese, materiale eller metode for å kunna gi tilråding om disputas, skal komiteen gi innstilling om underkjenning av avhandlinga.

(5) Fakultetet skal senda kopi av innstillinga til kandidaten med frist på ti arbeidsdagar til å komma med skriftlege merknader. Dersom innstillinga er positiv, kan fristen setjast til fem arbeidsdagar. Eventuelle merknader til innstillinga skal fakultetet senda til komiteen med ein kort frist for merknader dersom det vert vurdert nødvendig for å opplysa saka.

(6) Dersom kandidaten ikkje ynskjer å fremja merknader, skal han/ho så raskt som mogeleg melda skriftleg frå til fakultetet om det.

Til femte ledd: Vi føreslår at berre når det er dissens, eller ved samrøystes negativ innstilling, skal studenten få høve til å komma med merknader. Forslag til endring og redigering av femte og sjette ledd:

(5) Fakultetet skal senda kopi av innstillinga til kandidaten. Når innstillinga er negativ, og ved dissens, får kandidaten høve til å komma med skriftlege merknader. Merknadsfristen skal setjast til ti arbeidsdagar. Dersom kandidaten ikkje ynskjer å fremja merknader, skal han/ho så raskt som mogeleg melda skriftleg frå til fakultetet om det.

(6) Dersom det vert vurdert nødvendig for å opplysa saka, skal fakultetet senda eventuelle merknader til komiteen med ein kort frist for tilbakemelding.

Merknad: Dersom alternativ I vert valt i forslaget om endring av § 32 nedanfor, vil det ikkje vera grunn til å gi merknadsfrist; då er det tilstrekkeleg med slikt femte ledd: *(5) Fakultetet skal senda kopi av innstillinga til kandidaten.* Sjette ledd kan slettast.

§ 32.Handsaming av innstillinga

(1) Fakultetet vedtek om ph.d.-avhandlinga er verdig forsvar for graden philosophiae doctor på grunnlag av innstillinga og eventuelle tilleggsfråsegner.

(2) Samrøystes innstilling:

- Dersom komiteen si innstilling er samrøystes, og fakultetet finn å kunna leggja ho til grunn for vedtaket sitt, gjer fakultetet vedtak i samsvar med innstillinga.

- Dersom fakultetet finn at det er rimeleg tvil om komiteen si samrøystes innstilling skal leggjast til grunn, skal fakultetet be om nærare avklaring frå komiteen, og/eller nemna opp to nye sakkunnige som gir individuell vurdering av avhandlinga eller nemna opp ein ny komité. Dei sakkunnige skal ikkje vera tilsette ved universitetet, og dei skal ikkje ha hatt noko å gjera med avhandlinga tidligare. For oppnemning av ny komité gjeld § 27. Innstillinga og eventuelle merknader frå kandidaten skal leggjast ved til dei sakkunnige/den nye komiteen.

- Tilleggsavklaringar, individuelle fråsegner eller ny innstilling skal leggjast fram for studenten, som får høve til å komma med skriftlege merknader med same fristar som i § 31 femte ledd.

(3) Delt innstilling:

- Dersom komiteen si innstilling er delt og fakultetet finn grunn til å leggja fleirtalet si innstilling til grunn for vedtaket sitt, gjer fakultetet vedtak i samsvar med fleirtalet si innstilling.

Dersom komiteen si innstilling er delt og fakultetet vurderer å leggja mindretalet si innstilling til grunn for sitt vedtak, kan fakultetet be om nærare avklaring frå komiteen og/eller nemna opp to nye sakkunnige som gir individuell vurdering av avhandlinga eller nemna opp ein ny komité. Dei sakkunnige skal ikkje vera tilsette ved universitetet, og dei skal ikkje ha hatt noko å gjera med avhandlinga tidligare. For oppnemning av ny komité gjeld § 27. Innstillinga og eventuelle merknader frå kandidaten skal leggjast ved til dei nye sakkunnige/den nye komiteen.

Slike tilleggsavklaringar eller individuelle fråsegner skal leggjast fram for studenten, som får høve til å komma med merknader.

(4) Fakultetet skal orientera kandidaten om utfallet av behandlinga.

Vi tek sikte på å forenkla prosessen mellom komitéinnstillinga og disputasen, og vurderer to alternativ:

Alt. 1. Komiteen si innstilling vert lagt til grunn utan særskilt behandling ved fakultetet. Dersom det er dissens, bestemmer fleirtalet. Dette er i samsvar med prinsippet i eksamensforskrifta[6]. For ei slik ordning talar også at det forholdet at det er i samsvar med uhl.; i følgje § 3-9 *Eksamen og sensur* er det sensorane som gjer vedtak om resultatet. Slik var då også ordninga for dei nye doktorgradane dei første åra ved UiT

Alt II. Ved samrøystes vedtak vert komiteen si innstilling lagt til grunn utan særskilt behandling ved fakultetet. Ved dissens behandlar fakultetet innstillinga etter same reglar som gjeld no.

§ 33.Ny levering

(1) Ei doktoravhandling som vert underkjend, kan leverast til ny vurdering i omarbeidd form ein gong. Slik ny levering kan skje først seks månader etter at det første vedtaket vart gjort.

(2) Kandidaten skal opplysa at arbeidet har vore vurdert tidlegare utan at det vart funne verdig for forsvar. Fakultetet skal informera komiteen om dette. Komiteen kan få den første innstillinga på førespurnad.

Kapittel X. Doktorgradsprøve

§ 34.Prøveførelesing

(1) Kandidaten skal halda prøveførelesing. Førelesinga er ein sjølvstendig del av doktorgradsprøven og skal vera over oppgitt tema. Føremålet er å prøva kandidaten si evne til å tileigna seg kunnskapar ut over avhandlingstemaet og evna til å formidla desse.

(2) Fakultetet skal kunngjera tittelen på prøveførelesninga til kandidaten ti arbeidsdagar før førelesinga. Temaet for førelesinga skal ikkje stå i direkte samband med temaet for avhandlinga.

(3) Som hovudregel skal førelesinga haldast etter at avhandlinga er godkjent for forsvar i disputas, men før disputasen. Komiteen fastset tema, og vurderer førelesinga.

---

[6] Jf. eksamensforskrifta § 39 andre ledd: *Når to sensorer i fellesskap skal fastsette karakteren ved skriftlig eksamen, og sensorene ikke blir enige om felles sensurvedtak, skal en tredje sensor, som skal være ekstern, trekkes inn. Sensuren framkommer ved felles enighet, eller ved at to av sensorenes standpunkter blir utslagsgivende.*

(4) I særlege tilfelle kan prøveførelesinga haldast før innstillinga er klar, men etter innlevering. I slike tilfelle kan fakultetet nemna opp ein egen komité som fastset tema og vurderer førelesinga. Minst ein av medlemmene i avhandlingskomiteen skal vera med i førelesningskomiteen, som så langt råd er skal setjast saman i samsvar med krava i § 27 tredje ledd.

(5) Prøveførelesinga skjer på avhandlingsspråket eller norsk med mindre fakultetet godkjenner noko anna.

(6) Komiteen avgjer om prøveførelesninga er bestått eller ikkje bestått, og skal grunngi vedtaket dersom resultatet vert ikkje bestått. Førelesinga skal være bestått før det kan haldast disputas.

(7) Dersom resultatet på prøveførelesinga vert ikkje bestått, kan kandidaten melda seg til ny prøveførelesing. Prøveførelesinga skal haldast over nytt emne, snarast mogeleg og seinast innan seks månader. Så vidt mogeleg skal ho vurderast av den opphavlege komiteen. Ny prøveførelesing kan berre haldast ein gang.

§ 34 fell eventuelt bort i fall prøveførelesinga fell bort, jf. drøftinga under § 5.

§ 35. Forsvar av avhandlinga

(1) Når doktoranden har halde prøveførelesinga og fått ho godkjend, skal han/ho forsvara avhandlinga i offentleg disputas. Tid og stad for disputasen skal offentleggjerast minst ti arbeidsdagar på førehand saman med opplysningar om korleis avhandlinga er offentleggjort.

(2) Disputasen skjer på avhandlingsspråket eller norsk med mindre fakultetet godkjenner noko anna.

(3) Det skal normalt være to opponentar. Fakultetet peikar dei ut av og mellom medlemmene av komiteen. I særlige tilfelle kan fakultetet oppnemna opponentar som ikkje har vore medlemmer av komiteen.

(4) Disputasen vert leia av dekan eller den han/ho gir fullmakt. Den som leier disputasen, gjer kort greie for innleveringa og vurderinga av avhandlinga og for prøveførelesinga. Deretter gjer doktoranden greie for siktemålet med og resultatet av den vitskaplege undersøkinga. Første opponent innleier diskusjonen, og andre opponent avsluttar disputasen. Fakultetet kan fastsetja ei anna rekkefølgje og oppgåvefordeling mellom opponentane og mellom doktoranden og første opponent. Andre som er til stades og som ynskjer å opponera ex auditorio, må gi melding om dette til leiar for disputasen innan det tidspunktet leiar fastset og kunngjer ved opninga av disputasen.

Tredje ledd: Vi vil føreslå sletting av siste del av setninga *Fakultetet kan fastsetja ei anna rekkefølgje og oppgåvefordeling mellom opponentane* ~~*og mellom doktoranden og første opponent.*~~

At kandidaten presenterer avhandlinga sjølv, er særleg viktig dersom det ikkje skal vera prøveførelesing i framtida. Men også utan ei slik endring tenkjer vi det er føremålstenleg å ha det som ei fast ordning at kandidaten har ansvaret for denne delen av disputasen.

§ 36. Godkjenning av doktorgradsprøven
(1) Etter disputasen melder komiteen skriftleg frå om disputasen er godkjend/ikkje godkjend.

(2) Dersom disputasen ikkje vert godkjend, kan doktorande melda seg til ny disputas. Ny disputas skal gjennomførast snarast mogeleg og seinast innan seks månader. Så vidt mogeleg skal han vurderast av den opphavlege komiteen. Ny disputas kan berre haldast ein gang.

(3) Disputasen må vera godkjend før doktoranden kan bli kreert og få diplom.

§ 37. Kreering og diplom/vitnemål
(1) Når eit fleirtal i komiteen har godkjent disputasen, er doktoranden kreert til philosophiae doctor (ph.d.).

(2) Universitetet skriv ut vitnemål/diplom og diploma supplement.

0 Endra ved forskrift 19 jan 2017 nr. 116 (i kraft straks og gjeld for grader gjennomført frå og med våren 2017).

Kapittel XI. Klage
§ 38. Klage over avslag på søknad om opptak
Avslag på søknad om opptak til ph.d.-studiet og vedtak om avslutning av studierett kan påklagast etter reglane i forvaltningslova § 28 flg. Klaga skal sendast til fakultetet. Dersom klagar ikkje får medhald, går ho til avgjerd i universitetet si klagenemnd.

§ 39. Klage over underkjenning av opplæringsdelen
Avslag på søknad om godkjenning av kurs eller andre delar av opplæringsprogrammet kan påklagast etter reglane i forvaltningslova § 28 flg. Ved klage over sensur på emne, gjeld og universitets- og høgskolelova § 5-3.

§ 40. Klage over avslag på søknad om vurdering eller underkjenning av avhandling, prøveførelesing eller disputas
Underkjenning av avhandling, prøveførelesing og forsvar kan påklagast etter reglane i forvaltningslova § 28 flg. Grunngitt klage skal sendast fakultetet. Alle sider ved det påklaga vedtaket kan prøvast.

Siste setning i § 38 gjeld uansett om det står der eller ikkje. Vi føreslår setninga sletta for å få samsvar med § 39 og 40.

Kapittel XII. Ikraftsetjing
§ 41. Ikraftsetjing
Forskrifta tek til å gjelda 1. januar 2013.
Forskrift 19. november 2009 nr. 1858 for graden philosophiae doctor (ph.d.) ved Universitetet i Tromsø vert oppheva frå 31. desember 2012.

ohu000 19.12.2017

UiT
NORGES
ARKTISKE
UNIVERSITET

Vedlegg 4

Fakultet for biovitenskap, fiskeri og økonomi
Arkivref.: 2017/6565 – 4
Dato: 12.01.2018

Avdeling for forskning og utviklingsarbeid

Svar på høring om revisjon av ph.d.-forskriften fra BFE-fak

Utkast til revisjon av ph.d.-forskriften har vært til høring ved BFE-fak. Utkastet ble først gått gjennom i Seksjon for forskning og formidling og senere lagt frem og diskutert i instituttledermøte ved BFE-fak 5. februar 2018. *Instituttledermøtet består av fagledelsen ved BFE, herunder dekanat og instituttledere og representerer fakultetets formelle syn på høringen.*

I instituttledermøtet ble kun de mer omfattende forslag til endringer diskutert:

- Fjerning av prøveforelesning
- Krav om databehandlingsplan
- Krav om midtveisevaluering
- Forenkling av prosessen med håndtering av innstilling

Seksjon for forskning og formidling har i tillegg sett på de mindre forlagene til justeringen, og har i enkelte paragrafer forslag til endring i ordlyden. Disse kommer i slutten av dokumentet.

Fjerning av prøveforelesning

Seksjon for forskning og formidling var i utgangspunktet positiv til å fjerne prøveforelesing som en del av doktorgradsprøven. I praksis fungerer ikke prøveforelesningen som en reell kunnskapstest. Statistisk burde det ha vært kandidater som stryker til denne prøven, men dette er meget sjelden. Således vurderes prøveforelesningen å være av mer seremoniell karakter.

Videre vurderte administrasjonen at doktorgradsutdanningen bør ta sikte på at erfaring med undervisning og fremlegging av «nytt» faglig materiale skal være en integrert del av forskerutdanningen. Ved BFE-fak er vitenskapelig og populærvitenskapelig formidling definert som læringsmål for doktorgradsutdanningen. Fravær av prøveforelesning vil gi en reduksjon i administrativt arbeid, men innsparingene er ikke av slikt omfang at det bør tillegges særlig vekt.

Prøveforelesning er ikke vanlig i andre land utover Norge. I så måte kan fjerning av prøveforelesning bidra til å samkjøre eksamineringspraksis for doktorgrad med andre land. Dette vurderes som mest relevant i forhold til samarbeidsgrader (delte doktorgrader) der ulik praksis i forbindelse med disputas må samkjøres og gjerne medfører at kandidaten må gjennomføre «tilleggsaktiviteter» for å tilfredsstille de ulike lands regler.

Prøveforelesningen er dog det elementet som mange mener er det mest interessante med disputasen. Det har et faglig nivå som er betydelig mer tilgjengelig for andre fagmiljøer og allmenheten. Der presentasjon av

doktorgradsarbeidet til dels er, og må være faglig snevert/spesifikt, har prøveforelesningen et innhold som favner faglig bredere og med mer allmenn appell.

Vurdering i instituttledermøte:

Instituttledermøtet stilte seg ikke bak seksjonens innstilling. Instituttledermøtet var kritisk til å fjerne prøveforelesningen som del av doktorgradsutdanningen, og begrunnet dette med følgende:

- Prøveforelesningen gir et høyt læringsutbytte når det gjelder å sette seg inn i og presentere nytt fagstoff på kort tid, og dette er en høyst jobbrelevant situasjon og derfor til god nytte for kandidaten.
- Studenten får øvd seg pedagogisk. Problemet er at dette kommer seint i studieforløpet. Spørsmål om prøveforelesningen kunne vært gjennomført tidligere i studieforløpet ble reist.
- Presentasjonen som gis i forbindelse med midtveisevalueringen gir ikke samme læringsutbytte. Prøveforelesningen gir studenten anledning til å se egen forskning i et større perspektiv, mens dette ikke er tilfelle under midtveisevalueringen. Da er det kandidatens arbeid som er i fokus.

Fagledelsen var enige i at det ikke heldig at prøveforelesningen ikke er noen reell test siden alle får «bestått». Instituttledermøtet var derfor åpne for at prøveforelesningen gjerne må endre form. Slik det fungerer i dag, så får ikke kandidaten noen utfyllende tilbakemelding på hvordan prøveforelesningen er vurdert. For å høyne læringsutbyttet, kunne kandidaten gjerne fått mer utfyllende informasjon om hva som var bra med forelesningen og hva som kunne vært bedre.

Krav om databehandlingsplan

Ved BFE-fak kreves det allerede at kandidaten i prosjektbeskrivelsen gjør rede for hvordan innsamling av data skal foregå og hvordan disse skal analyseres. Videre bes det om at kandidatene beskriver plan for enkeltarbeidene i prosjektet, dvs hvordan doktorgradsarbeidet skal resultere i tre vitenskapelige artikler. I så måte vurderes ikke innføring av en databehandlingsplan som veldig omfattende i forhold til dagens krav. Omfanget og detaljnivået av beskrivelsen av databehandlingsplan må vurderes. Seksjonen er generelt positiv til å innføre dette som et element.

Vurdering i instituttledermøte:

Seksjonens vurderinger støttes og forslag om innføring av databehandlingsplan samt vurdering av potensialet for innovasjon i prosjektbeskrivelsen støttes av instituttledermøtet.

Krav om midtveisevaluering

BFE-fak har allerede innført midtveisevaluering som et obligatorisk element i ph.d.-utdanningen og seksjonen støtter at dette innføres som et obligatorisk krav i forskriften. Midtveisevaluering vurderes å være et godt tiltak for gjennomøringsgraden. BFE-fak støtter også at potensialet for innovasjon drøftes i midtveisevalueringen.

Seksjonen erfarer at mange veiledere synes det er problematisk at det ikke har fulgt midler med til gjennomføring av midtveisevalueringen og at ev. honorering av sensorer må gjøres over eget budsjett.

Vurdering i instituttledermøte:

Krav om midtveisevaluering og at potensialet for innovasjon drøftes under midtveisevalueringen støttes. BFE-fak må imidlertid se nærmere på hvordan de finansielle utfordringene kan løses.

Forenkle prosessen med håndtering av innstilling

Seksjonen støtter forslag om en forenkling av prosessen mellom komitéinnstilling og disputas. Videre vurderer vi at når det er dissens i komiteen at fakultetet gis mulighet for å vurdere saken nærmere (Alt II).

Vurdering i instituttledermøte:

Beskrevet forenkling av denne prosessen støttes, og alternativ II vurderes som det beste.

Øvrige kommentarer og innspill fra Seksjon for forskning og formidling

I tillegg til de vurderinger og innspill som fremkommer over, har Seksjon for forskning og formidling følgende kommentarer:

§5-3

Vi reagerer på følgende ordlyd i dette leddet: «sterkare kandidat i tilsettingsprosessar». Mulig en bedre ordlyd kan være «sterk kandidat i tilsettingsprosessar»?

§6-4

Seksjonen synes det hadde vært hensiktsmessig og til hjelp om det i dette leddet kunne henvises direkte til hva som utgjør GSK og eventuelt ta med eller henvise til hva som er UiTs bestemmelser på engelskkompetanse (score på tester, hva er gyldige tester og hva er unntak).

§7-4

Vi foreslår at fakultetene/enheten kan be om at ytterligere elementer inngår i prosjektbeskrivelsen / søknaden enn det som er angitt i ph.d.-forskriften.

§7-8

Seksjonen reagerer på at forslag til ordlyden i dette leddet er upresis og ikke i samsvar med hvordan saksgangen på BFE-fak foregår. Vi har følgende forslag til omformulering:

«Når en student har fått innvilget midlertidig opptak ved ansettelse, skal student og veileder raskest mulig innen to måneder utarbeide / revidere prosjektbeskrivelse, før endelig opptak kan innvilges.»

§ 9-1

Seksjonen lurer på om det er relevant å operere med opptakstall. Er det noen fakulteter som har dette? Om ikke, så foreslås det å fjerne dette.

§ 9-2

Seksjonen synes det bør det fremgå hvilket organ (Tilsettingsutvalget) som fatter midlertidig vedtak om opptak.

Revidering av prosjektbeskrivelse bør nevnes sammen med de andre punktene slik at ordlyden blir: «Ein stipendiat ved universitetet må vera teken opp til ph.d.-studiet før han/ho tek til i stillinga. Det kan gjerast foreløpig vedtak om opptak med atterhald om utarbeiding av individuell utdanningsplan, tilleggsutdanning, immaterialrettslege avtaler og prosjektbeskriving.»

§ 9-4

Forlag til endring i formulering støttes av BFE-fak

§10-2
Foreslår annen ordlyd: «Fakulteter kan fastsetja spesielle opptakskrav innafor denne ramma. Det må gå tydelig fram av emnebeskrivelsen kva opptakskrav som gjeld og kva kategoriar søkjarar som kan få plass.»

§11
Forslag til forandring i ordlyd støttes.

§ 22
(2), siste setning. Forslag til endring i ordlyd: Det er ikke krav om å levere framdriftsrapport det året det vert halde midtvegsevaluering. Begrunnes med at enkelte studenter kanskje ønsker å levere fremdriftsrapport selv om de har gjennomført midtveisevalueringen. Fremdriftsrapporten er en arena der evt problemer kandidaten har plukkes opp.

(3) Må det være et krav om at evaluleringskomiteen formelt må oppnevnes? Må den i så fall oppnevnes i programstyret, eller kan det gjøres på en mindre adm krevende måte?

Organ som skal oppnevne sensorene må beskrives. Må sensorene oppnevnes i FU eller kan dette gjøres på en administrativt mindre krevende måte?

§ 23 – 4
Uklart formulert. Mangler det noe tekst her?

§ 25 – 3
BFE-fak støtter forslag til endring

§ 28 - ~~3~~ 2
Kommentar: Når fristen for å sende errataliste er satt til senest 4 uker før komiteen sin frist for å levere innstilling, blir det i realiteten lite tid for enkelte kandidaten å oppdage og rette opp disse feilene. Komiteen jobber i noen tilfeller veldig kjapt og har evalueringen klar allerede kort tid etter at de har mottatt avhandlingen. Kan fristen vurderes redusert fra 4 til 2 uker?

§ 31-5
Kommentar: Hva ligger i formuleringen negativ innstilling? Er «godkjenning med omarbeiding» negativ eller positiv?

§ 32-5
BFE-fak støtter forslag om forenkling av prosessen mellom komitéinnstilling og disputas, og vurderer alternativ II som den beste.

§ 35
BFE-fak støtter forslag til endring om at det blir fastsatt at kandidaten selv presenterer avhandlingen sin.

Vennlig hilsen

Rune Larsen
Fungerende seksjonssjef
–
rune.larsen@uit.no
77 64 55 52

Ingjerd Gauslaa Nilsen
Rådigver
-
Ingjerd.nilsen@uit.no
776 46018

UiT
NORGES
ARKTISKE
UNIVERSITET

Vedlegg 3

Det helsevitenskapelige fakultet
Arkivref.: 2017/6565
Dato: 19.02.2018

Avdeling for forskning og utviklingsarbeid

Svar fra Helsefak på høring om revisjon av ph.d.-forskriften

Høringssvar fra Helsefak vedrørende revisjon av ph.d.-forskriften

Det vises til høringsbrev av 19.12.2017, Arkivref. 2017/6565 vedr. endringer i den sentrale ph.d-forskriften. Det Helsevitenskapelige fakultet har følgende innspill:

Generelt

Fakultetet er tilfreds med den overordnede, avbyråkratiserende innretningen der prosedyrer er forenklet, samt at uklarheter i forskriften fjernes. Fakultetet støtter i hovedsak endringsforslagene, med enkelte justeringer. Fakultetet har imidlertid vesentlige innvendinger knyttet til §§ 13 og 27.

§ 5 Innhaldet i doktorgradsutdanninga

Den opprinnelige formålet med obligatorisk(e) prøveforelesning(er) (O-PF) var å vurdere om ph.d-studenten var skikket til senere å undervise ved universitetet.

Fakultetet er enig i at dette formålet ikke lenger er relevant. Det er administrativt uhensiktsmessig å beholde en obligatorisk ordning for alle ph.d-studenter når kun et fåtall av dem faktisk kommer til å få en universitetsstilling med undervisningsoppgaver. Fra et universitetspedagogisk perspektiv er dagens vurderings- og kvalifiseringsordninger for de som aspirerer til en akademisk stilling klart mer relevante, eksempelvis prøveforelesning som en del av tilsettingsprosedyren, pedagogisk mappe osv.

Det er prinsipielt uheldig å opprettholde en ordning der det opprinnelige formålet har falt bort. Det samme gjelder fordi O-PF i praksis er blitt en delprøve/deleksamen man ikke kan stryke på.

Alternative, nye formål, som å prøve ph.d-studentens evne til å fremføre en samlet faglig argumentasjon ivaretas ved at studenten selv presenterer sin avhandling (jfr. § 35) under disputasen. Et argument om at å fjerne O-PF kan bringe total arbeidsinnsats under kravet om 180 studiepoeng er lite relevant med innføring av midtveisevaluering (§ 22 (3)).

O-PF fremstår dermed som en mer seremoniell ordning og den er frikoblet fra vurderingen av ph.d-avhandlingen og studentens presentasjon og forvar av denne.

Helsefak vil videre anføre at med våre langt over 50 årlige disputaser og forventninger om en økende doktorgradsproduksjon i årene fremover, må seremonielle hensyn vike for hensynet til effektive og ressurssparende administrative ordninger, spesielt når den faglige kvaliteten på sluttproduktet (evalueringen av ph.d-avhandlingen) ikke forringes.

Skulle en O-PF ha blitt opprettholdt, måtte man nå ta tak i en uheldig praksis der valgt tematikk nærmest er identisk med avhandlingens tema (noe som nok ikke var intendert da ordningen ble innført) og også studentens presentasjon av sin avhandling (jfr. § 35) under disputasen. I avbyråkratiseringens lys er det vanskelig å begrunne hvorfor man skulle avsette ressurser til å hindre tematisk overlapp for en ordning av mest seremoniell karakter.

Fakultetet støtter endring i § 5 (3) der O-PF fjernes som en del av doktorgradsprøven, og går inn for at det innføres valgfrihet i ordningen, og at den kan reguleres under fakultetenes utfyllende bestemmelser.

§ 7 Søknaden
(4) Det må tydeliggjøres hva som menes med en «databehandlingsplan».

(8) Forslaget til ny tekst støttes.

Om innovasjon: Fakultetet er positiv til at innovasjon vurderes, og fakultetet har dette som vurderingspunkt i prosjektbeskrivelse og bedømmelse av avhandlinger. Setningen "Potensialet for innovasjon og/eller idear som kan kommersialiserast skal vurderast særskilt," bør imidlertid reformuleres slik at innovasjon omfatter eksempelvis tjenesteinnovasjon, og ikke avgrenses til patenteringer eller kommersialisering inn mot næringslivet.

§ 9 Avgjerd om opptak
Ut over det som begrunner endringsforslaget, vil fakultetet også tilføye at vi har gode erfaringer med å benytte både kvalitet og gjennomføringsmulighet på normert tid som vurderingspunkter. Erfaringsvis blir om lag 20% av søknadene returnert for revisjon. Normalt burde det være mulig å revidere innen 3 måneder, men vi anser det fornuftig å kunne gi rom for en viss fleksibilitet.

Fakultetet støtter således forslaget til revidert tekst. Vi ønsker at gjennomførbarhet på normert studietid innføres som særskilt vurderingspunkt.

§ 10 Opptak til emne i opplæringsdelen
(1) Fakultetet støtter forslaget til endring, og er tilfreds med at forskerlinjestudenter grupperes i kategori 1. Praksis med å gjøre unntak fra opptakskravene til ph.d-emner for forskerlinjestudenter bør imidlertid formaliseres, spesielt siden forskerlinjeordningen nå omfatter flere fagområder enn medisin, og fordi ordningen også kan bli ytterligere utvidet i fremtiden.

Fakultetet foreslår dermed følgende justering av kategori 1 slik: «Personar som er tekne opp til ph.d.-studiet, herunder forskerlinjer ved UiT.

§ 11 Avtale
Fakultetet støtter forslaget til forenkling av avtalen. Imidlertid er setningen "universitetsdirektøren fastsetter hva avtalen skal omfatte" uklar. Fakultetet antar at det her siktes til en slags overordnet avtalemal. Dette bør tydeliggjøres. Fakultetet ønsker også en åpning i forskriften for fakultære tilpasninger i en slik overordnet mal.

(2) Ved Helsefak kan det være flerpartsavtaler (arbeidsgiver og ulike finansiører). Det bør da fremkomme i forskriften at alle partnere må signere avtalen.

§ 12 Studierett

Forslaget støttes om å innføre varsling om tap av studierett ett semester før denne retten går ut.

§ 13 Permisjon

Forslaget om å fjerne adgangen til å ta ph.d-emner i foreldrepermisjon synes å bygge på en streng fortolkning av rundskriv fra NAV. Forslaget synes også å forutsette at alle ph.d-studenter har et arbeidsforhold til UiT. Ved Helsefak er ikke dette nødvendigvis tilfelle. Et annet moment er at forslaget går imot en hovedintensjon om å legge til rette for å oppfylle KD sitt sektormål for gjennomføring innen 6 år, et sektormål som jo ikke tar hensyn til permisjoner.

Fakultetet støtter derfor ikke forslaget til endring, men anbefaler en juridisk vurdering av relevante studie- trygde- og utdanningsrettslige forhold.

§ 16 Veiledning

(10) Forslaget om karriereveiledning støttes. Siden flertallet av ph.d-studentene ikke får en akademisk karriere innen akademia kan det understrekes ved formuleringen «...og førebu studenten på ei yrkeskarriere i eller utenfor akademia».

§ 20 Arbeid som ikkje vert godtekne

(3) Forslaget til endring støttes.

§ 21 Offentleggering av avhandlinga

Forslaget til endring støttes.

§ 22 Kvalitetssikring og rapportering

Fakultetet mener at dagens system for framdriftsrapportering ikke bidrar til kvalitetssikring av studentenes studieforløp og progresjon. Ordningen baserer seg på egenrapportering fra student og veiledere. Erfaringsvis er denne svært sjablonmessig med sterk tendens til å fremstille studieprogresjonen som urealistisk god. Vi har hatt eksempler på både veilederkonflikter og prosjekt som har gått i stå, hvorav dette ikke har kommet frem i framdriftsrapporteringen. Midtveisevaluering er riktignok langt mer omfattende enn dagens fremdriftsrapportering, men desto mer formålstjenlig for å monitorere studieprogresjonen fordi egenrapportering bare er ett av flere vurderingspunkter.

På et stort fakultet med om lag 400 ph.d-studenter vil selv den beste ordning kunne bli mer administrativt krevende enn ved et mindre fakultet. ADM2020 blokkerer for nyansettelser, og innføring av midtveidevaluering vil føre til at andre oppgaver må utgå eller settes på vent. I et kost-nytteperspektiv vil Fakultetet likevel mene at midtveisevaluering er mer formålstjenlig for kvalitetssikring av studieløpet enn dagens framdriftsrapportering.

